


Sande kommune



Kommuneplan 2008 – 2020

Samfunnsplan

Februar 2009

Innleiing

Ordføraren

Innhald

INNLEIING	2
INNHALD	3
LOVGRUNNLAGET	4
KVA ER EIN KOMMUNEPLAN ?	4
SANDE-SAMFUNNET ANNO 2008	5
OVERORDNA MÅL FOR SANDE-SAMFUNNET I 2020	7
SANDE-SAMFUNNETS VISJON OG VERDIGRUNNLAG	8
VISJON	8
VERDIGRUNNLAG	9
SANDE-SAMFUNNETS MÅL- OG STRATEGIPROGRAM	10
DEL I - SAMFUNNSUTVIKLING	12
<i>1 Temamål og Verkemiddel – Befolknig</i>	12
<i>2 Temamål og Verkemiddel – Sandssokningen</i>	14
<i>3 Temamål og Verkemiddel – Miljø og tryggleik</i>	15
<i>4 Temamål og Verkemiddel – Arbeids- og næringsliv</i>	17
<i>5 Temamål og Verkemiddel – Region</i>	18
DEL II - KOMMUNALE TENESTER	20
<i>6 Temamål og Verkemiddel – Oppvekst og læring</i>	21
<i>7 Temamål og Verkemiddel - Helse og omsorg</i>	22
<i>8 Temamål og Verkemiddel – Kultur og Kyrkje</i>	23
VEDLEGG A - STRUKTUR FOR PLANVERKET I SANDE KOMMUNE	25
VEDLEGG B - TALFAKTA OM SANDE KOMMUNE, HENTA FRÅ STATISTISK SENTRALBYRÅ (SSB).	26
VEDLEGG C – PLAN FOR GJENNOMFØRING AV PLANARBEIDET:	32

Lovgrunnlaget

Plan- og bygningslova

I plan- og bygningslova §20 er plankrava formulerte slik (utdrag):

"Kommunane skal utføre ei løpende kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga innanfor sine område. I kvar kommune skal det utarbeidast ein kommuneplan. Planen skal innehalde ein langsigtig og ein kortsiktig del."

Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova).

I kommunelova §5 er plankrava formulerte slik (utdrag):

"Kommunen skal utarbeide ein samordna plan for den kommunale verksemda".

Kommuneplanlegginga skal bygge på ei realistisk vurdering av den forventa utviklinga i kommunen, og av dei økonomiske ressursar som vil stå til rådvelde, slik dette går fram av økonomiplanen."

Vidare ligg der mange føringar for kommuneplanarbeidet i fleire rikspolitiske retningslinjer, fylkes- og fylkesdelplanar, kommuneplanar frå nabokommunane, m.m.

Kva er ein kommuneplan ?

Ein kommuneplan er summen av eit omfattande planverk som har til hensikt å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utvikling i lokalsamfunnet. Planverket skal vere eit resultat av ein open planprosess, der ein skal sørge for å legge til rette for medverknad.

Gjennom ein prosess skal ein prøve å kartlegge situasjonen her og no, samt finne sin visjon og sine overordna mål for lokalsamfunnet framover i eit litt lengre tidsperspektiv.


Kommuneplanen sin samfunnsdel er eit sjølvstendig dokument, men skal også gå inn i eit heilheitlig planverk. Samfunnsdelen har fokus på samfunnsutvikling både lokalt, regionalt og nasjonalt. Kommuneplanen sin samfunnsdel går altså langt utover kommunen som organisasjon og tenesteytar.

Ein god samfunnsdel skal på eit overordna nivå beskrive status og utfordringar, samt trekke opp visjonar, mål og strategiar som skal danne grunnlaget for utvikling av konkrete tiltak. Utviklinga av dei konkrete tiltaka skjer ofte i samband med andre prosesser og i lag med andre aktørar.

Kommuneplanen sin arealdel beskriv ei ønska arealdisponering. Arealdelen vert utarbeida i ein eigen planprosess. Samfunnsdelen legg imidlertid ei viss føring for kva arealpolitikk kommunen ønsker å føre. Føringane i samfunnsplanen er derfor viktig for arealplanprosessen.


Sande-samfunnet anno 2008

Sande-samfunnet har pr 1. juli 2008 2540 innbyggjarar. Innbyggjarane er busette i dei fem bygdene Kvamsøya, Sandsøya, Larsnes, Gursken og Gjerdsvika.



Siste 30 åra har Sande-samfunnet hatt negativ folketalsutvikling. Folketalet har vorte redusert som følgje av utflytting og lave fødselstal. Denne utviklinga har over tid medført at alderssamansetninga i befolkninga har vorte ”skeiv”.

Av figurane under ser vi utviklinga i ”bilde”. Desse ”bilda” viser den negative utviklinga m.o.t. folketalsutviklinga i Sande-samfunnet som nemnt over.



Sande-samfunnet ligg rimelig godt plassert i ein velfungerande bu- og arbeidsregion. Denne regionen har i løpet av år 2008 vorte ytterligare forsterka ved opning av Eiksundsambandet.

Sande-samfunnet har ei næringsutvikling som speglar dei globale og nasjonale samfunnsendringane. Primærnæringane har over tid hatt tilbakegang, medan dei tenesteytande næringane har hatt vekst, særskilt innan offentlig sektor. Den maritime verftsindustrien står framleis sterkt i lokalsamfunnet. I kjølvatnet av denne har det vore knoppskyting med fleire nye innovative industriverksemder.

Arbeidspendlinga ut er noko større enn innpendlinga. Ser ein vekk frå arbeidspendling til sokkelen, skjer ut- og innpendling i all hovudsak internt i regionen.

Kulturlivet i Sande-samfunnet er unikt til trass for lite offentlige midlar. Med stor dugnadsvilje har Sande-samfunnet etablert eit kulturtilbod som både fastbuande og tilreisande nyt godt av.

Overordna mål for Sande-samfunnet i 2020

1. Sande-samfunnet skal i 2020 ha minst 2540 innbyggjarar som er busett i dei ulike bygdelaga.

Bakgrunn for målformuleringa:

Umiddelbart kan ein sei at dette er ei alt for passiv målsetting for Sande-samfunnet. Viss ein derimot legg SSB sine statiske framskrivingar til grunn, kan ein kanskje sei at målsetting er alt for krevjande for Sande-samfunnet.

Når ein likevel vel akkurat denne målsettinga er det fordi den er konkret og målbar, og den vil være krevjande med mange utfordringar for oss lokalt.

SSB sin oversikt over befolkningsendringar avhengig av ulike vekstrate				
	År 2008	Middels vekst	Låg vekst	Høg vekst
		År 2020	År 2020	År 2020
Sande	2502	(-) 2367	(-) 2293	(-) 2453
Herøy	8353	8577	(-) 8275	8887
Ulstein	6946	7538	7268	7809
Hareid	4741	4982	4810	5173
Volda	8406	9028	8680	9368
Ørsta	10163	10363	(-) 9990	10751
Totalt	41111	42855	41316	44441

2. Sande-samfunnet skal i 2020 framleis bestå av dei 5 bygdene Kvamsøya, Sandsøya, Larsnes, Gursken og Gjerdsøya.

Bakgrunn for målformuleringa:

Siste åra har talet på folkevalde forvaltningsnivå vore mykje diskutert. Denne prosessen er no avslutta med konklusjon om at det framleis skal vere tre folkevalde forvaltningsnivå i Norge. Argumenta for og imot har vore mange. Det som ofte har kome opp som viktige "for-argument" er eit levande folkestyre/lokaldemokrati.

Det er imidlertid eit faktum at viss lokalsamfunnet vil ha større einingar – så vil storsamfunnet det. Sannsynligvis er viljen så stor for ei slik utvikling at storsamfunnet også vil tildele lokalsamfunnet nokre kortskiftige positive bidrag. Ei realisering av Sande fastlandssamband vil også medføre spørsmål om endringar. Igjen er det lokalsamfunnet sine val som avgjer korleis dette sambandet totalt sett skal påverke Sande-samfunnet. Også denne målformuleringa er konkret, målbar og med fleire utfordringar for oss i lokalsamfunnet.



Sande-samfunnets visjon og verdigrunnlag

Uansett om vi er folkevalde eller innbyggjarar, næringsdrivande eller arbeidstakrarar, består dagane av detaljar. I ein slik kvardag er det viktig å ha ei overordna leiestjerne som gir retning, og eit sett med reglar å halde seg til.

Ein visjon skal vere ei leiestjerne - noko som nesten er uoppnåelig - noko ein stadig kan strekkje seg mot. Skal visjonen bli ei slik samlande leiestjerne må den ha ei mening for mange.

Samfunnet er i konstant endring. I vår tid skjer desse endringane raskare enn kva tilfellet var før. I ei slik endringstid er det viktigare enn nokon gong å signalisere eit felles sett med meir varige grunnreglar.

Ofte vert desse grunnreglane nedfelt i eit verdigrunnlag. Ordet verdi har fleire definisjonar. Ein fellesnemnar i desse definisjonane er imidlertid "rett" og "gale". Ein verdi seier altså noko om kva som er rett og gale. Verdigrunnlaget gir dermed ei mening ved at det blir eit uttrykk for korleis vi skal agere både som samfunn og som enkeltmenneske.



Visjon



Visjonen er ein "mjuk" visjon. Den "raude tråden" i dette visjonsbildet er eit fellesskap som er inkluderande, likeverdig og trygt. Vi trur at dette er grunnlaget for å skape trivsel og vekst for både innbyggjarar og næringslivet.

Visjonen "Sande – i lag!" gir eit tydeleg signal til alle i Sande om at Sande-samfunnet skaper vi i lag. I dette ligg det ein føresetnad om at alle må delta og alle må bidra.

Visjonen gir også eit tydelig signal til omverda at eit samla Sande-samfunn har tenkt å stå i lag for at Sande kommune skal bestå som eining også i 2020. Til tross for alle sentraliseringskraftene som pressar på er det altså eit overordna ønskje og ein reell vilje å halde på Sande kommune som eiga politisk og administrativ eining.

Visjonen gir også eit klart signal til potensielle nye innbyggjarar om at i Sande vil dei bli ein del av eit fellesskap basert på deltaking og bidrag.

Verdigrunnlag

I all samhandling vil det til tider oppstå spørsmål om korleis vi skal førehalde oss til kvarandre. Vårt verdigrunnlag skal vere vår rettesnor når slike spørsmål kjem.

Når vi i ein slik prosess skal samle oss om nokre verdiar for Sande-samfunnet, må det ligge ei erkjenning av at andre verdiar også er viktige. Når vi framhevar dei valde verdiane i dette verdigrunnlaget, seier vi ikkje at andre verdiar er uviktige. Det handlar altså ikkje om å velje verdiar vi kan leve med. Det handla heller om å velje verdiar vi ikkje kan leve utan.


Dei valde kjerneverdiane for Sande-samfunnet er:

- Mangfald
- Humor
- Ansvarlig

Nemnte kjerneverdiar byggjer på følgjande:



I Sande-samfunnet vil vi ha mangfald. I dette ligg det m.a. ei erkjenning at av det er mangfaldet som skapar levande og utviklende lokalsamfunn. Vidare er det ei erkjenning av at Sande-samfunnet er ope og nysgjerrig, har respekt og plass for nye kulturar, og at Sande-samfunnet er villig til å gi nye idear og kulturar ein sjanse.



I Sande-samfunnet vil vi ha humor. Med humor skaper ein trivsel – det innbyr til kontakt og fellesskap. Med humor byggjer ein tillit og skaper forsoning – og humor gjer det lettare å takle vanskelege hendingar og situasjonar. I tillegg gjer humor ufatteleg godt!



I Sande-samfunnet vil vi vere ansvarlege. I dette ligg det at kvar og ein av oss har eit ansvar for oss sjølve og for kvarandre. I dette ligg det at vi viser omsorg og respekt, og at vi er rause i møte med kvarandre. Å vere ansvarleg føreset også openheit og likeverd.

Sande-samfunnets mål- og strategiprogram

Planverket skal ha mål for utviklinga av Sande-samfunnet, og gje retningslinjer for den sektorvise planlegginga.

Temamål og verkemiddel for planperioden fram mot 2020 er formulert i dette målprogrammet.

I Sande vil vi!

Visjonsbilde ”Sande – i lag” legg føringar for eit målprogram. Den ”raude tråden” i dette visjonsbildet er eit fellesskap som er inkluderande, likeverdig og trygt. Denne ”raude tråden” vil vi finne igjen i mål- og strategiformuleringane.

Å utvikle et godt lokalsamfunn er ikkje eit ansvar for folkevalde og kommuneadministrasjon åleine. Skal Sande-samfunnet realisere sin visjon og sine mål er ein avhengig av at alle yter sitt – det er eit felles ansvar å utvikle Sande-samfunnet vidare.

I rolla som samfunnsutviklar vil kommunen legge til rette for at både innbyggjarane, organisasjonane og næringslivet skal kunne delta i å utvikle lokalsamfunnet i ønska retning. I rollene som regelforvaltar og som tenesteytar har kommunen høve til å forsterke dette ytterligare.

Målkapittelet er delt i to delar:

1. Samfunnsutvikling
2. Kommunale tenester

I del I - samfunnsutvikling - er temamål- og verkemiddelformuleringane retta mot folketalsutvikling, den enkelte sandsokning, miljø/tryggleik, arbeidsliv/næringsliv og region. I del II - kommunale tenester - er temamål- og verkemiddelformuleringane retta mot oppvekst/læring, helse/omsorg og kultur/kyrkje.

Dei kommunaltekniske tenestene er i stor grad integrert i hovuddel I – samfunnsutvikling. Dette som følgje av at ein god og driftssikker teknisk infrastruktur er ein absolutt føresetnad for både bulyst, næringsutvikling og offentlige tenester.

**I Sande vil vi!
I Sande bur vi!
I Sande gjer vi!**

I tillegg til kommunens eigne mål og behov, bygg ein kommuneplan på regionale og nasjonale utviklingsmål. Dei regionale og nasjonale utviklingsmåla finn ein i fylkesplanar, sentrale retningslinjer og regelverk. Dei regionale og nasjonale føringane er søkt ivaretakne i dette overordna mål- og strategidokumentet til Sande kommune.

I Sande bur vi!

DEL I - SAMFUNNSUTVIKLING

er eit resultat av engasjerte og dugnadsvillige innbyggjarar og eit aktivt næringsliv.

1 Temamål og Verkemiddel – Befolkning

Temamål – Sande-samfunnet vil


- at fleire innfødde sandsokningar skal verte buande i Sande.
- at andre skal oppdage Sande-samfunnet som ein attraktivt buplass.
- at vilkåra for dei som bur i Sande-samfunnet skal være likestilte med vilkåra i samfunnet elles.

Verkemiddel – for å nå måla skal vi

- marknadsføre Sande-samfunnets gode bu- og oppvekstmiljø.
- legge til rette for levande sentrum og levande bygder.
- legge til rette for næringsverksemd i alle bygdelag.
- legge til rette for både tett og spreidd bustadbygging.
- legge til rette for at tilflyttarar skal verte integrert.

Situasjon:

Folketalet i Sande kommune har hatt ei negativ utvikling frå midten av 70-talet og fram til i dag. Ser ein bort frå grensejusteringa i 2002, då Åram krins vart overført til Vanylven kommune, er det ein kombinasjon av utflytting og lave fødselstal som er årsak til utviklinga.



Dei ulike bygdene i Sande har i same periode hatt ei litt meir ulik befolkningsutvikling. Hovudtrenden gjennom mange år har vore ein relativt stor tilbakegang på dei ytre øyane og mindre tilbakegang på Gurskøya. Siste åra kan ein imidlertid sjå at

Krinsvis utvikling 1980-2007:	-80	-90	-00	-07
Kvamsøy	392	348	302	256
Sandsgøy	526	430	354	323
Gjerdsvika	426	423	409	384
Gursken	890	885	798	772
Larsnes	717	829	830	767

utviklinga mellom ”ytre-øyane” og Gurskøya har jamna seg ut.

Sande kommune har bevisst satsa på Sande-samfunnet sine fem bygdelag. Dette har resultert i at det er bygdelag med både livskraft og livsglede. For Sande-samfunnet er det bra at det enkelte bygdelag har suksess. Skal Sande-samfunnet utvikle seg vidare er vi avhengige av at alle bygdelag oppnår ein eller fleire suksessar.

Sande-samfunnet har eit svakt utvikla kommunesenter. Ser ein på kva som kjenneteiknar ”vekstkommuner” og ”stagnasjonskommuner”, er sentrumsutvikling/mangel på sentrumsutvikling ein fellesnemnar. For Sande-samfunnet vil det være viktig at kommunesenteret har eit visst servicetilbod. All utvikling krev tilgang på risikokapital. Ein absolutt føresetnad for slik kapital er ei forutsigbar styring og langsiktig tenking.

2 Temamål og Verkemiddel – Sandssokningen

Temamål – Sande-samfunnet vil

- at alle som bur i Sande-samfunnet skal respekterast som frie individ med likt menneskeverd.
- at alle som bur i Sande-samfunnet skal kunne føle tilknytning og tryggleik i eige nærmiljø.

Verkemiddel – for å nå måla skal vi

- respekterer kvarandre sin livsførsel og overbevising – og vi skal bry oss om kvarandre.
- ha fokus på kultur som grunnlag for tilhøyrigheit, nyskapning, trivsel og vekst.
- legge til rette for allsidig representasjon i folkevalte råd og utval.
- legge til rette for engasjement hos barn og ungdom.
- ha eit ope og godt samarbeid med Den norske kyrkje og andre livssynsorganisasjonar.

Som sandssokning

- er du eineståande.
- er du meir verdt enn nogen kan måle.
- kan du noke som er spesielt for deg.
- har du noke å gi til andre.
- har du gjort noe du kan være stolt av.
- har du store ubrukte ressursar.
- duger du til noe.
- kan du godta andre.
- har du evner til å forstå og lære av andre.
- har du noken som er glad i deg i Sande-samfunnet.

Situasjon

Pr juli -08 har det totalt vorte 38 fleire sandssokningar sidan førre teljing. Pr same tidspunkt er det registrert 46 personar som har flytta til Sande-samfunnet frå utlandet, og etablert seg som sandssokningar. Desse tala viser at Sande-samfunnets vekst er avhengig av tilflytting frå utlandet. Dette er ein trend som også er gjeldande for dei aller fleste kommunen i Møre og Romsdal, og denne trenaden vil sannsynligvis vedvare i åra framover.

Ei slik tilflytting gir Sande-samfunnet eit større mangfald – eit ønska mangfald! Å legge til rette for tilflytting vil også krevje litt av oss som er ”innfødde” sandssokningar. Å vise interesse for dei nye naboane og møte dei med eit glimt i auge kostar lite - men er likevel av stor verdi.

I Sande-samfunnet er kvinnene dårlig representert i politikken. Ved valet i 2007 vart berre tre kvinner vald inn i kommunestyret. Å få ein representasjon som gir eit betre mangfald er viktig både for den enkelte sandssokning og for utviklinga av Sande-samfunnet.

I 2004 vart Sande kommune kåra til årets ungdomskommune i Møre og Romsdal. I åra før 2004 vart Sande ungdomsråd etablert. Vidare vart stillinga som ungdomsarbeidar oppretta. Eit aktiv ungdomsråd og ein pågåande ungdomsarbeidar etablerte Sandesus, Romjulsrock, Sande ungdomsklubb, m.m. Vidare gjekk Sande kommune inn i det interkommunale samarbeidsprosjektet mot rus og ungdomsteamet. Ei slik satsing gjev prisar, men det som er viktigare er at ei slik satsing gjev oss samfunnsengasjerte ungdommar. For Sande-samfunnet vil det vere svært viktig å ta vare på eit slikt samfunnsengasjement hos barn og unge også i framtida.

3 Temamål og Verkemiddel – Miljø og tryggleik

Temamål – Sande-samfunnet vil

- at framtidige Sande-generasjonar skal få oppleve dei miljøkvalitetane som dagens generasjonar får oppleve.
- at lokalsamfunnet skal kunne nyttast av alle på ein mest mulig likeverdig måte.
- at lokalsamfunnet skal være eit trygt og robust samfunn.
- at arealforvaltninga skal balansere behova for vern og behova for trivsel, vekst og verdiskaping.

Verkemiddel – for å nå måla skal vi

- ta vare på og utvikle kulturlandskapet.
- ta vare på og bruke kulturminna og dei verna naturområda våra.
- ha eit bevisst forhold til klima og miljø, og vidareutvikle ordningar som gir klima- og miljøgevinstar.
- planlegge ute- og inneareal og tenester med tanke på mest mulig likeverdig bruk.
- ha fokus på god helse som grunnlag for ein aktiv kvardag og eit godt liv.
- legge til rette for både tett og spreidd bustadbygging.
- legge risiko- og sårbarheitsvurderingar til grunn i arealforvaltning og planlegging av infrastruktur.
- legge til rette for trafikktryggingstiltak som sikrar dei mjuke trafikantane.
- planlegge ein infrastruktur med tilstrekkelig kapasitet og med god driftssikkerheit.
- ha fokus på risikoreduserande arbeid og beredskap i den daglige drifta i dei ulike sektorane/einingane.
- ha ein god og tilpassa samfunnsberedskap.

Situasjon:

Sande-samfunnet har unike naturskapte og menneskeskapte miljøkvalitetar. Vidare har Sande-samfunnet over tid skapt gode nærmiljø med trivsel og tryggleik.

For å framleis ha trygge lokalmiljø må vi i Sande-samfunnet ta omsyn til naturen. I vår arealdisponering må vi erkjenne at det er stadat ein bør unngå å bygge ut p.g.a. naturmessige forhold. Vi må også erkjenne at vi har kulturminne og naturområde som på grunn av sine særmerkjer må vere underlagt eit sterkt vern.

Sande-samfunnet sitt overordna mål er knytta opp mot folketalsutviklinga. Skal målet verte realisert må ein legge til rette for bustadbygging. I ein del år var trenden at folk busette seg i byggefelt. For å tilfredsstille slike ønskje har det vore etablert byggefelt i alle bygdene, og pr. i dag er det nokre ledige tomter i alle bygdelaga. Det er imidlertid slik at potensielle bustadbyggjarar i dag vil ha eit visst utval av alternativ. Ein må derfor legge til rette for ein viss overkapasitet i dei kommunale byggefelta, slik at det vert reelle val.

Siste åra har ein del bustader vore byde utanom regulerte byggefelt. Denne trenden ser ut til å holde seg vidare framover. I gjeldande arealplan er det lagt til rette for slik spreidd bustadbygging i nokre bygdelag, og ein bør også sjå på mulighetene for å opne for slik bustadbygging i dei andre bygdelaga.

Dei områda vi tek i bruk må tilpassast alle. Takka vere eit stort arbeid i ulike interesseorganisasjonar har fokuset på tilgjengelegheit etter kvart kome inn i forvaltinga. Skal Sande-samfunnets sin visjon ”Sande – i lag” vere meir enn ord, må Sande-samfunnet framleis ha fokus på tilgjengelegheit i samband med både eigne og andre sine planverk og tenestetilbod.

I tillegg til ein god og trygg arealforvaltning, handlar samfunnsikkerheit også om ein robust infrastruktur og ein tilpassa samfunnsberedskap. Ei framtidig utbygging og renovering av system for vatn og avløp må derfor planleggast med tilstrekkelig kapasitet og eit tilstrekkelig antal tryggleiksbarriere. Det same gjeld systema for vår digitale infrastruktur.

Det er utbygt relativt lite gang- og sykkelvegar i Sande-samfunnet. Fleire prosjekt er planlagt men ikkje realiserte. Dei planlagde prosjekta er i tråd med dei strategiane som Møre og Romsdal fylke har nedfelt i sine strategidokument for gang- og sykkelvegar.

Dei planlagde gang- og sykkelvegane er først og fremst trafikksikringstiltak for dei mjuke trafikantane. Prosjekta vil imildertid ha ”sideeffektar” i form av mulighetene for auka fysisk aktivitet, auka trivsel, redusert biltransport, m.m. Ei satsing utover det som pr i dag er ferdig planlagt vil også kunne gi effektar innan reiselivet ved at ein knyt saman eit lengre samanhengande ”sykkelvegnett” gjennom vårt kystlandskap

4 Temamål og Verkemiddel – Arbeids- og næringsliv

Temamål – Sande-samfunnet vil

- at arbeidstakarane skal ha gode arbeidsforhold basert på norsk regelverk, standardar og normer.
- at eksisterande næringsliv og nyetablerarar skal ha utviklingsmuligheiter.

Verkemiddel – for å nå måla skal vi

- ha tett samarbeid med lokalt og regionalt næringsliv.
- ha tilstrekkelig næringsareal med tilstrekkelig infrastruktur.
- vere ein aktiv samarbeidspart for landbruksnæringa og andre for å oppretthalde eit ope og velstelt kulturlandskap.

Situasjon:

Sande-samfunnet er ein del av ein felles bu- og arbeidsregion på søre sunnmøre. Denne regionen har i 2008 vorte utvida ved at Eiksundsambandet opna, og vi fekk ein ferjefri kommunikasjon til Ørsta/Volda. Når Kvivsvegen opnar i 2012 vil mulighetene for denne regionen auke ytterligare.

Næringslivet i Sande-samfunnet sysselset ca 1200 personar. Kring 30% av desse er sysselsette i offentlig tenesteproduksjon (kommune, fylke, stat). Sande-samfunnet har siste åra hatt vekst i sysselsettinga, men med unntak av Vanylven er veksten vesentlig mindre i Sande enn i dei øvrige kommunane i vår region.

Dei ca 1200 personane som er sysselsett i Sande-samfunnet er fordelt slik:

- ca 10% i primærnæringane (jordbruk, fiske)
- ca 30% i sekundærnæringane (industri, bygge, anlegg)
- ca 60% i tertiærnæringane (handel, transport, finans, offentlige)

I Sande-samfunnet er det kring 700 arbeidstakarar som pendlar over ei kommunegrense til og frå arbeid. Av desse er det ca 300 personar som pendlar inn til Sande-samfunnet på arbeid, medan kring 400 personar pendlar ut. Ein kan ut frå dette konkludere med at næringslivet i Sande-samfunnet står seg rimelig bra i konkurransen om arbeidskrafta.

I Sande-samfunnet er det også ca 400 utanlandske arbeidstakarar. Desse er i hovudsak frå Polen og dei baltiske statane, samt nokre frå t.d. Romania og Bulgaria. I høve til ein del andre kommunar i vår region er dette eit høgt tal. Det er i all hovudsak verftsnæringa som sysselsett desse arbeidstakarane

Ei stor og viktig utfordring framover vil vere å få ein større vekst i det lokale næringslivet. I samarbeid med det lokale næringslivet har Sande kommune etablert Sande næringsforum KF. Dette selskapet er kommunen sitt næringsapparat, og skal arbeide for å utvikle og skape arbeidsplassar og trivsel i Sande kommune.

5 Temamål og Verkemiddel – Region

Temamål – Sande-samfunnet vil

- at regionen skal ha fokus på trivsel og verdiskaping.

Verkemiddel – for å nå måla skal vi

- delta aktivt i regionalt utviklingsarbeid, og fremje Sande-samfunnets eigne behov og muligheter i regionen.
- støtte arbeidet med å styrke dei regionale institusjonane innan kultur, helse og utdanning.
- arbeide for samferdsels- og kommunikasjonsordningar som fremmar utvikling for næringsliv og lokalsamfunn.

Situasjon:

I Møre og Romsdal Fylke sin gjeldande fylkesplan er fokus retta mot trivsel, verdiskaping og regional vekst. Dette er fokusområder som framleis vil vere gjeldande framover, jf NHO's attraktivitetsbarometer 2008.

I dag er Sande-samfunnet avhengig av sjukehusene ved både Ålesund og Volda sjukehus. Ved akutte nødssituasjonar der liv og helse er trua, er ambulansetjenesta og ikkje minst ambulansehelikopter ved Ålesund sjukehus ein absolutte føresetnader for tryggleiken for oss i Sande-samfunnet.

Utdanningsinstitusjonane i vår region er også viktige for Sande-samfunnet. Det vil være viktig at dei vidaregåande skulane i Ulstein og Herøy, og høgskulane i Volda og Ålesund kan utvikle seg vidare slik at alternativa for oss som bur i regionen kan verte fleire.

Med ei opning av Kvivsvegen i 2012 vil transportmønsteret endre seg i vår region. Trafikken mellom vår region og aust- og vestlandet vil då gå gjennom denne transportkorridoren. For å styrke vår attraktivitet ytterligare er det viktig å arbeide for ferjefrie samband vidare. Det viktigaste i så måte er ein ferjefri kyststamveg på vestlandet (Trondheim – Ålesund – Bergen). At vår region eks får eit ferjefritt samband til Ålesundsregionen vil auke vår attraktivitet og våre muligheter som region. Lokalt i Sande er det viktig at vi har ein stamveg gjennom vår kommune (i dag RV 61). Vidare er Sande fastlandssamband ei viktig samferdselssak for Sande-samfunnet. Arbeidet med dette prosjektet er no i ei "detaljeringsfase" der det vert arbeida både med tekniske løysingar og finansiering.

Ser ein bort frå lokal ferje- og hurtigbåttransport, er det relativt lite av dei "lange" sjøtransportane inn og ut frå vår region. Ei realisering av Stadt Skipstunnel vil gi auka sjøtransport. Det må vere eit mål å få lokalisiert ei anløpshamn for hurtigbåten mellom Bergen og Ålesund i vår region. Når det gjeld godshamner har Ålesund hamn status som nasjonalhamn. Ålesund hamn har også hatt ei stor hamneutbygging, og vil derfor sannsynligvis være den naturlige hamna for dei lange godstransportane til/frå vår region.

I vårt nærområde har vi tilgang til to flyplassar. Etter opninga av Eiksundsambandet har Ørsta/Volda lufthamn fått ein auke i talet på reisande. Ørsta/Volda lufthamn har imidlertid begrensininge i sin kapasitet. Pr i dag er lufthamna likevel eit alternativ for ein del reisande, og det er ingen grunn til å vurdere denne lufthamna før vi får ferjefrie samband mot Ålesund.

Det offentlige kommunikasjonstilbodet har over tid vorte redusert. I tillegg har det kome fleire transportaktørar, noko som pr i dag har medført dårligare samordning (eks mellom ferje og buss).

I Sande-samfunnet er det busstilbodet på fylkesvegane som har vorte redusert. I helgane og ved skulefri er busstilboden i praksis fråverande langs desse vegstrekningane. Skal ein kunne nytte eit offentlig busstilbod, er ein avhengig av ein viss frekvens. Viss trafikkgrunnlaget for dette ikkje er til stades, må ein arbeide fram andre alternativ.

For "Ytre-øyane" er gode samband avgjerande viktig. I dag vert ferjetilboden m.o.t. frekvens oppfatta som akseptabelt. I tillegg til ferja trafikkere "Ambu" strekninga. For at "Ambu" skal kunne halde fram med både ambulansedrift og persontrafikk som i dag, er vi heilt avhengige av at helseforetaket tek sin del av finansieringsansvaret. Pr i dag er det ikkje inngått noko avtale som sikrar dette.

Ei anna "transportåre" er "nettet". Å ha tilgang til digitale nettløysingar er viktig. Dagens normer for kapasitet og sikkerheit vil ikkje tilfredsstille dei framtidige behova for den digitale transporten. For å skape både bu- og næringslyst i heile regionen er det derfor avgjerande viktig å ha tilgang til ein digitalt transportveg med tilfredstillande kapasitet og sikkerheit.

I Sande gjer vi!

DEL II - KOMMUNALE TENESTER

skal vere brukartilpassa og ha kvalitet

Gode fagmiljø er ein føresetnad for å skape og vedlikehalde gode tenester. Innan nokre fagområde er det imidlertid ikkje stort nok grunnlag for å skape slike miljø åleine. Vidare er det grunn til å tru at rekruttering av personell til slike fagmiljø vert ei aukande utfordring i framtida. For Sande kommune er det derfor eit behov for å vidareføre dei interkommunale samarbeidsordningane. Dette vil sikre og styrke Sande kommune som leverandør av kvalitetstenester.

Offentlige tenester er i stor grad basert på prinsippet om brukarmedverknad, og dette må skje på fleire nivå. På individnivå er det samarbeidet mellom den enkelte brukar og forvaltninga som må vere i fokus, medan ein på ”systemnivå” samarbeider med ulike brukarorganisasjonar/brukarråd.

I dag medfører all produksjon av tenester eit ansvar. Som ansvarlig produsent er det derfor viktig å være tydelig på kva tenesta omfatta, og minst like viktig – kva tenesta ikkje omfatta.

6 Temamål og Verkemiddel – Oppvekst og læring

Temamål – vi vil:

- at barn og unge i Sande skal ha ein oppvekst som er forankra i trygge lokalmiljø, omsorg, og utfordringar til utvikling og læring.
- at oppvekstsentrals skal ha rom for alle barn og unge, med blikk for den enkelte.

Verkemiddel – for å nå måla skal vi

- rekruttere og holde på kvalifiserte leiarar og medarbeidrarar i oppvekstsektoren.
- Vidareutvikle samarbeidet mellom føresette, dei kommunale tenestene og andre fagmiljø.
- Ha oppvekstsentrals i kvart bygdelag som gir muligheiter for gode læringsmiljø, og som gir plass til alle som ynskjer det.
- Planlegge tenester, områder og bygningar m.o.t. deltaking for alle.
- Være aktiv part i interkommunale/regionale utviklingsprogram.

Situasjon:

Barnehage og skule er viktige føresetnader for gode og trygge oppvekstmiljø for barn og unge. Det har i alle år vore stor semje om at ein vil ha ein desentralisert skulestruktur i Sande. Sjølv om det har vore nokre ”grensejusteringar”, er det fortsatt semje om at kvart bygdelag skal ha eit oppvekstsenter i form av barnehage- og skuletilbod.

Den bygningstekniske standarden har vorte betydelig heva dei siste åra, både ved nybygg og noko renovering av eldre bygningsmasse. Det som pr i dag er mangelfullt er anlegg for symjeopplæring. Det anlegget som har vore nytta til slik opplæring er i dag stengt. Det er behov for ei omfattande renovering av dette anlegget før det igjen kan takast i bruk.

I dag har barnehagane og skulane eit kvalifisert personale. Det pågår imidlertid heile tida ei utskifting av personale på grunn av bl.a. oppnådd pensjonsalder. Med ei generell lav rekruttering inn mot studiane for lærarar/førskulelærarar, må vi rekne med at konkurransen om denne arbeidskrafta vil verte skjerpa framover. Ein barnehage og ein skule med høg kvalitet vil vere viktig i kampen om den beste arbeidskrafta i framtida.

7 Temamål og Verkemiddel - Helse og omsorg

Temamål – vi vil:

- At alle i Sande skal ha helse- og omsorgstenester som gir tryggleik og forutsigbarheit.
- At helse- og omsorgstenestene skal innrettast slik at alle i Sande kan oppleve å meistre eige liv lengst mulig.

Verkemiddel – for å nå måla skal vi

- Rekruttere og holde på kvalifiserte leirarar og medarbeidrarar i helse- og omsorgssektoren.
- Vidareutvikle samarbeidet mellom brukarar, pårørande, dei kommunale tenestene og andre fagmiljø.
- Etablere gode helseførebyggande program for ulike målgrupper.
- Planlegge tenester, områder og bygningar m.o.t. deltaking for alle.
- Ha nok kapasitet innan heildøgns pleie- og omsorgsbehov ved Sandetun.
- Ha nok kapasitet innan 24-timers pleie- og omsorgsservice for dei som framleis bur heime.
- Ha nok kapasitet for korttidsavlastning/støtte.
- Ha bustader for personar som ikkje kan skaffe bustad ved eigen hjelp.
- Ha tilbod som sikrar sosiale møteplassar, meistringsaktivitetar, og kulturopplevingar for brukarar.
- Ha eit sentralt senter med eit samla primærhelsetilbod for alle.
- Være aktiv part i interkommunale/regional utviklingsprogram.

Situasjon:

Nasjonale levekårsundersøkingar stadfester at levekåra i Sande er gode. Årsakene til dette er nok samansette, men noko kan nok heilt sikkert tilskrivast ei beivist satsing på helse- og omsorgstenester. Eit anna viktig bidrag er eit godt førebyggjande arbeid innan t.d. barnevern og rus. Det som kjenneteiknar dette førebyggande arbeidet, er at det skjer i ei interkommunal klynge som sikrar eit fagleg godt miljø som arbeider målretta på tvers av kommune- og etatsgrenser.

Siste ti-året har det vore ei stor utbygging av tilrettelagde bustadar. Sandetun har vore gjennom ei omfattande ombygning, som har resultert i at totalkvaliteten på desse tenestene har auka vesentleg.

Tilbodet til personar med psykiske lidingar og fysiske funksjonshemminger er også forbetra gjennom tilpassa bustader og etablering av arbeidssenter.

Ut frå SSBs folketalsframskriving vil det i planperioden vere ein auke i den ”yngste” gruppa av eldre. Utifrå dette kan ein anta at det vil verte eit auka press på dei heimebaserte omsorgstenestene i åra framover.

8 Temamål og Verkemiddel – Kultur og Kyrkje

Temamål – vi vil

- at innbyggjarane i Sande skal kunne ha tilgang til allsidige opplevingar innan kultur, idrett og friluftsliv.
- at kyrkja skal takast vare på som eit naturleg samlingspunkt og som ein viktig kulturformidlar.

Verkemiddel – for å nå måla skal vi

- rekruttere og holde på kvalifiserte leiarar og medarbeidarar innan kultur- og kyrkjesektoren.
- vere ein aktiv tilretteleggar/koordinator for å skape aktivitet og kultur i bygdene.
- bidra til samarbeid og samhandling mellom frivillige, offentlige og profesjonelle kulturaktørar.
- stille eigna kommunale lokale og kyrkjene til disposisjon for frivillige lag og organisasjonar.
- organisere kommunale kulturtildobd i regi av Sande kulturskule, Sande bibliotek og Bygdekinoen
- etablere ei felles ”storstove” for formidling av kultur og andre opplevingar.
- sørge for tilgang på profesjonelle kulturtildobd og opplevingar for barn og unge via ulike kulturformidlingstiltak.
- motivere frivillige lag til kulturarbeid via tildeling av tilgjengelige kulturmidla, årlig kulturpris, etc.
- forvalte og vise fram lokale kulturminne.
- gi tilbod om dåpsopplæring for alle unge som er døypt i den norske kyrkje eller andre som ønskjer å følgje opplegget i dåpsopplæringsplanen.

Situasjon

Kulturen har siste åra vorte prioritert ned. Det mest synelege resultatet av denne prioriteringa finn ein i kulturskulen. Her har opplæringstilboda vorte kraftig redusert og sentralisert. Elevtalet har gjennom siste 5-6 åra vorte halvert, og tel i dag ca 60 elevar.

Til tross for denne utviklinga er det eit aktivt lags- og foreningsliv i Sande. I samband med fordeling av økonomisk støtte og tilskot er aktivitet for barn og unge prioritert. Eit anna viktig og nødvendig ”tilskot” er gratis bruk av skulebygg/gymsal til ulike øvingsaktivitetar innan song, musikk, idrett, mm.

Sande har ikkje eit særskilt kulturbrygg/idrettshall i kommunen for formidling av større kulturelle samlingar og aktivitetar. I kvart bygdelag er det imidlertid fleire bygningar i form av skular, grendehus, bedehus, kyrkjer, m.m., som blir nytta til mindre kulturformidlingar.

Idretten er den største aktøren etter talet på akative. I kvart bygdelag er det gjennom mange år og ved stor dugnadsinnsats bygd opp anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Fleire av desse anlegga er delfinansiert gjennom ordninga med statlege spelemidlar. Dette er ei ordning som framleis vil eksistere, men det er grunn til å frykte at dei økonomiske rammene vert reduserte.

Song- og musikklivet er også aktivt i Sande. Kormiljøet har ei stor bredde, alt frå amatørkor i alle aldersgrupper til tilnærma profesjonelle kor. "Sirene" og "Vyrde" har etter kvart vorte kjende merkenamn i kormiljøet. Same situasjonen er det i musikkmiljøet, der korpsmusikken er den som kanskje har dei lengste tradisjonane. Seinare åra har kulturskulen vore med på å utvide bredda i musikkmiljøet.

I tillegg er det eit omfattande lags- og foreningsliv i Sande-samfunnet, med aktive sogelag, helselag, o.s.b.

Sandssokningen har et nært forhold til kyrkja si. Nær sagt alle nyttar kyrkja i samband med dåp, konfirmasjon, vigslle og gravferd. I kommunen har vi tre kyrkjebygg, ei interimkyrkje og fire gravstadar. Alle kyrkjehusa er særeigne for si tid, men Sande kyrkje frå 1880 er verd å nemne særskilt fordi ein her finn restar av kyrkjekunsten frå middelalderkyrkja som stad der tidligare.

I tillegg til gudstenestene, er kyrkjebygga mykje nytta til kulturopplevelingar og som sosiale møteplassar for folk i alle aldrar. Kyrkja har eit utstrakt program med dåpsopplæring og utdeling av bøker til barn og unge frå dåpen og fram mot konfirmasjonen. Vidare er kyrkjene nytta til søndagsskule og korøvingar for både barn, ungdomar og vaksne. Kyrkjemusikken har siste åra fått eit løft gjennom Sande kantori og "Orgelsommer i Sande", som har vorte kjent langt utover kommunegrensene.

Vedlegg A - Struktur for planverket i Sande kommune

Samfunnsplan		
<p>Innhald:</p> <ul style="list-style-type: none">• Visjon og verdigrunnlag• Overordna mål for Sande-samfunnet• Temamål og verkemiddel		
<p>Tidsperspektiv:</p> <ul style="list-style-type: none">• "Eit generasjonsperspektiv"		
<p>Rullering:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kvart 4. år		
Arealplan	Temaplanar	Økonomiplan
<p>Innhald:</p> <ul style="list-style-type: none">• Juridisk bindande plan for disponering av areal.	<p>Innhald:</p> <ul style="list-style-type: none">• Temaplanar (delplanar) for samfunns- og tenesteutvikling.	<p>Innhald:</p> <ul style="list-style-type: none">• Plan for kommunens økonomiske prioriteringar.
<p>Tidsperspektiv:</p> <ul style="list-style-type: none">• 12 år	<p>Tidsperspektiv:</p> <ul style="list-style-type: none">• 4 år	<p>Tidsperspektiv:</p> <ul style="list-style-type: none">• 4 år
<p>Rullering:</p> <ul style="list-style-type: none">• 4 år	<p>Rullering:</p> <ul style="list-style-type: none">• Årlig	<p>Rullering:</p> <ul style="list-style-type: none">• Årlig
Verksemndsplanar		
<p>Innhald:</p> <ul style="list-style-type: none">• Tiltak for oppfølging av politiske og administrative vedtak.• Tiltak for brukarmedverknad• Normer for kvalitet og kvantitet		
Årsrapport		
<p>Innhald:</p> <ul style="list-style-type: none">• Rapport om måloppnåing• Rapport om den økonomiske situasjonen.		

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal følgjast opp gjennom delplanar innan dei ulike sektorane, samt gjennom enkeltståande prosjekt. Prioriteringar i delplanar og av enkeltståande prosjekt vil såleis vere viktige føresetnadar for arbeidet med kommunen sin økonomiplanen.


Arbeidet med delplanar og prosjekt skal vere basert på medverknad og i samråd med andre forvaltningsnivå næringsliv, frivillige organisasjonar, o.s.b.

Vedlegg B - Talfakta om Sande kommune, henta frå Statistisk Sentralbyrå (SSB).

Areal: 93,2 km²

Innbyggjarar pr 1. januar 2008: 2 502

Folkemengde 1995-2008 og framskrevet 2009-2025¹



¹Framskrivning basert på alternativ MMMM (middels vekst)

Befolkningsutvikling 1997-2007

	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Fødselsoverskudd	-10	1	8	2	-2	-4	-4	0	1	-3	-11
Nettoflytting inkl. inn- og utvandring	-21	-19	-24	-47	-24	-27	6	-29	-38	-12	-14
Folketilvekst	-31	-18	-16	-45	-26	-31	2	-29	-37	-13	-24


¹Tallene for 2004 og tidligere er basert på foreløpige tall, og vil derfor avvike fra endelige tall som framgår i statistikken [Befolkningsendringer i kommunene 1951-](#)

Befolkningsstruktur 2007. Prosent

Kommunen Fylket Landet

	Kommunen	Fylket	Landet
Antall menn per 100 kvinner i aldersgruppen 20-39 år	122,2	107,1	102,8
Andel barn og unge 0-17 år	22,7	23,8	23,4
Andel eldre 80 år og over	6,1	5,4	4,7
Andel personer med innvandrerbakgrunn ¹ , vestlig. Prosent	1,6	1,3	2,3
Andel personer med innvandrerbakgrunn ¹ , ikke-vestlig ² . Prosent	2,1	3,0	6,6

Befolkningen etter kjønn og alder. 1.1. 2008. Prosent



 [Interaktiv befolkningspyramide \(informasjon\)](#)

¹Førstegenerasjonsinnvandrere og personer født i Norge av to utenlandsfødte foreldre uten norsk bakgrunn.

²Øst-Europa, Asia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika og Tyrkia. Eget, mors eller fars fødeland.

Bosetting 2007

Kommunen Fylket Landet

	Kommunen	Fylket	Landet
Befolknings per km ²	27,1	16,2	14,5
Andel bosatt i tettbygde strøk. Prosent	19	68	78


Barnehager og utdanning 2006

	Kommunen	Fylket	Landet
Barnehagedekning 1-2 år. Prosent	74,0	60,5	61,8
Barnehagedekning 3-5 år. Prosent	88,8	95,0	92,8
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1. til 7. årstrinn	10,3	12,6	13,5
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8. til 10. årstrinn	10,0	14,7	15,1
Andel elever i grunnskolen med spesial undervisning. Prosent	6,0	5,8	5,9
Andel av befolkningen 16 år og eldre med høyere utdanning 2005. Prosent	12,3	19,4	24,2
Menn	10,6	17,8	23,2
Kvinner	14,0	21,0	25,2

Kommunestyrevalget 2007

	Kommune	Fylket	Landet
Valgdeltakelse. Prosent.	69,4	61,6	61,2
Prosentandel kvinnelige kommunestyrerepresentanter	14	35	38
Andel stemmer på			
Ap	8,4	23,2	29,6
FrP	14,4	20,1	17,5
H	26,5	17,6	19,3
KrF	8,7	10,9	6,4
S	17,1	12,0	8,0
SV	2,1	4,1	6,2
V	0,0	6,5	5,9
Andre	22,6	5,5	7,2

Andel stemmer per parti i kommunen



Kommuneøkonomi 2006

	Kommunen	Fylket	Landet
Frie inntekter per innb. Kroner	38 624	29 766	29 715
Brutto utgifter fordelt på sektor. Prosent			
Administrasjon	8,4	7,1	6,9
Barnehage	6,1	8,8	9,8
Grunnskole	25,4	24,3	23,1
Pleie og omsorg	35,6	29,5	26,3
Kommunehelse	4,0	4,0	3,8
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene	2,6	3,6	5,6
Netto lånegjeld per innb. Kroner	43 613	30 961	20 730
Statlige rammeoverføringer som andel av brutto driftsinntekter. Prosent	38,5	23,1	17,7
Salgs- og leieinntekter i kommunen i prosent av driftsinntektene	12,4	13,2	13,4

Arbeid/inntekt

	Kommunen	Fylket	Landet
Sysselsatte 15-74 år (med bosted i kommunen). 4. kvartal 2006. Prosent av befolkningen	69	72	70
Menn	74	75	73
Kvinner	63	68	67
Registrerte arbeidsledige som andel av arbeidsstyrken, årsgjennomsnitt. 2006. Prosent	1,6	2,2	2,6
Menn	1,4	2,0	2,6
Kvinner	1,7	2,3	2,6
Netto innpending til Sande. 2006	-100	--	--
Andel uførepensjonister 16-66 år. 2006. Prosent	9,4	9,9	10,3
Bruttoinntekt per innb. 17 år og over. 2006	258 100 276 300 293 600		
Menn	338 000 345 200 361 900		
Kvinner	177 400 207 900 227 400		
Sysselsatte fordelt på næring 2006. Prosent			
Primær	9,5	5,6	3,4
Sekundær	32,9	27,1	20,5
Tertiær	57,1	66,8	75,6
Sysselsatte fordelt på sektor. 2006. Prosent			
Offentlig forvaltning	28,3	28,7	29,4
Privat sektor og offentlige foretak	71,7	71,3	70,6


Boforhold

	Kommunen	Fylket	Landet
Andel bosatte i blokk/bygård. Prosent	1,4	4,5	12,8
Andel bosatte i bolig bygd etter 1961. Prosent	68,7	68,3	66,9
Andel husholdninger som disponerer bil. Prosent	74,0	74,0	70,3
Husholdningsavfall i kilo per innbygger. 2005	326	359	407


Helse, sosial og omsorg 2006

	Kommunen	Fylket	Landet
Andel barn 0-17 år med barnevernstiltak Prosent	5,7	4,3	3,8
Sosialhjelpsmottakere per 100 innb. 20-66 år	2,9	3,4	4,2
Legeårsværk per 10 000 innb.	12,7	9,5	9,0
Andel innb. 80 år og over som er beboere på institusjon. Prosent	18,7	15,5	14,3
Andel innb. 80 år og over som mottar hjemmetjenester. Prosent	58,7	36,6	37,0


Folketalsutvikling i Sande frå 1975 - 2008






Innbyggjarar i Sande frå 1986 - 2008



Fødde barn i Sande 1986 - 2007





Vedlegg C – Plan for gjennomføring av planarbeidet:

	<i>Milepæl</i>	<i>Aktivitet</i>
1	Vedtak - oppstart	Vedtak i formannskapet / kommunestyret
2	Varsel om oppstart	Annonse i Smp og Vestlandsnytt. Generell info på eiga nettside.
3	Invitasjon til innspel i planarbeidet.	Utsendelse av planforslag/debathefte med invitasjon til innspel
4	Mål- og strategiarbeid	Temadag med kommunestyre- og utvalsmedlemmar.
5	Vedtak – Planprogram, offentlig ettersyn / høyring	Formannskap og kommunestyre
6	Offentlig ettersyn / høyring	
7	Dialog	Bygdamøter
9	Vurdering av innkome uttaler	
10	Politisk sluttbehandling av samfunnsplanen	Formannskapet, kommunestyret.
11	Orientering om vedtak	Eigne nettsider, brev

Tidsramme: Start 2008 – Slutt 1. halvår 2009